



SULA  
venstre

miljøpartiet  
de grønne

sula

# SAMAN

# FOR MENNESKE OG MILJØ



# #VIERHER



## Kvifor stemme på oss?

Sula Venstre/MDG ynskjer eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Livskraftige lokalsamfunn basert på lokale ressursar er ein føresetnad for å nå målet.

Vi vil gi Sula tilbake til framtidige generasjonar, og ta vare på den fantastiske naturen vi er så heldige å ha her på øya.

Noreg står ved eit vegskilje, der langsiktig trygghet, friheit og velferd for alle står på spill. Vi er nøydd til å ta eit oppgjær med målet om å produsere meir, for å kjøpe meir for å kaste meir.

Sula Venstre/MDG seier NEI til dagens rovdrift på menneske og miljø, og JA til eit samfunn der vi har gode og naturglade liv.

- ✓ Vi vil ha eit samfunn der unge ikkje blir sjuke av prestasjonsjag og kjøpepress.
- ✓ Vi vil ha eit levande lokalsamfunn der færre er einsame og vi har meir tid til vennar og familie.
- ✓ Ungane skal kunne leike trygt ute i frisk luft.
- ✓ Vi skal framleis kunne gå tur i gammal skog og ha fisk i fjorden.
- ✓ Dyra i havet skal ikkje kvelast av plast.

Vi vil ha eit Sula der vi kjempar mot klimaendringar. Eit Sula som gir gode liv for dei som kjem etter oss. Det skal vere best og billigast å velje miljøvennleg, uansett kor du bur.

## Klima og miljø:

### Sula Venstre/MDG vil:

- ✓ ta klimakrisa på alvor og handle deretter.
- ✓ at Sula kommune skal bli klimanøytral innan 2030.
- ✓ tilby eit grønarare kosthald med meir frukt og grønt og mindre kjøt.
- ✓ ta vare på matjord og landbruket i kommuna.
- ✓ ta vare på Veddemarka utan bilveg.
- ✓ stogge arbeidet med felles kloakkreinseanlegg for Sula og Ålesund, fram til ein har utført den lovpålagte konsekvensutgreiinga.

## Samferdsel:

### Sula Venstre/MDG vil:

- ✓ jobbe for utbetring og utbygging av gang- og sykkelveg i Sula kommune.
- ✓ jobbe for tryggare vegkryssingar for syklende og gåande.
- ✓ jobbe for fire bussavgangar i timen.
- ✓ jobbe for at Langevågsbåten blir billegare, får anløp fleire stadar og fire avgangar i timen.
- ✓ jobbe for at Langevågsbåten blir utsleppsfri.
- ✓ stemme NEI til Borgundfjordtunnelen
- ✓ jobbe for at Sula kommune skal bruke nullutsleppsbilar i sine sektorar.



## Helse og oppvekst

Helse- og oppvekstpolitikken må sjåast i samanheng med andre politikkområde. Vi vil leggje til rette for meir fysisk aktivitet og dagleg mosjon i form av gange, sykling og turar i naturen. Sjuke og pleietrengande menneske skal få god og trygg omsorg og behandling av høg kvalitet.

Politikk for helse, oppvekst og gode lokalsamfunn er også tilknytt skule- og barnehagepolitikken. Barnehagen skal vere med på å leggje grunnlaget for eit godt liv og livslang læring. Skulen skal gi alle moglegheita til å delta i fellesskapet med livsmeistring, læringsglede, kritisk tenking og evne til problemløysing.

### Gode leikeområde og trygt familieliv

#### Sula Venstre/MDG vil:

- ✓ sikre gode uteområde ved Rørstadmarka skule frå fyrste opningsdag.
- ✓ sikre grøne lungar og leikeområde der barn ferdast og bur.
- ✓ etablere og støtte lågterskeltilbod for familiar, for eksempel foreldrekurs.

## Barnehagar og skular

#### Sula Venstre/MDG vil:

- ✓ gi gode økonomiske rammar.
- ✓ sikre lokalmiljø der det er trygt å gå og sykle til barnehage og skule.
- ✓ jobbe for høg vaksentettleik.
- ✓ tilretteleggje for ein god veiledningsordning for nyttilsette og nyutdanna lærarar.
- ✓ sikre at alle barn og unge får tilstrekkeleg kontakt med helsesystem og PPT.
- ✓ at familiar med låg inntekt skal kunne søkje om redusert foreldrebetaling i SFO, slik som dei kan i barnehagen.

## Helse for folk

#### Sula Venstre/MDG vil:

- ✓ fjerne nedre aldersgrense for ledsagerbevis.
- ✓ tilretteleggje for menneske med funksjonsnedsetjing og andre spesielle behov.
- ✓ ha godt og grundig førebyggjande helsearbeid.
- ✓ styrke pleie- og omsorgstenesta.
- ✓ arbeide for gode helsetilbod, både allment, rus- og eldreomsorg.

«Det enklaste og viktigaste miljøtiltaket du kan gjøre?

Stemme miljøvennleg!»

## Sula Venste/MDG sine kandidatar:



1. Ulla Hay (V)  
Langevåg, 1973



2. Marte Oline Vågnes  
Slettebakk (MDG)  
Langevåg, 1993



3. Heidi Belinda  
Veddegjerde Skeide (V)  
Langevåg, 1982



4. Andreas Eikrem (V)  
Mauseidvåg, 1970



5. Sripaskaran  
Thambithurai (V)  
Langevåg, 1966



6. June Skodje Skaar (V)  
Eidsnes, 1973



7. Håvard Vollset  
Lien (MDG)  
Eidnes, 1976



8. Anja Roiha Sunde  
Haugen (V)  
Eidsnes, 1980



9. Ida Aas  
Rødningby (V)  
Mauseidvåg, 1984



10. Ingunn  
Hellebust (MDG)  
Langevåg, 1972



11. Birgitte Giske (V)  
Langevåg, 1985



12. Monika Therese  
Tranvåg (MDG)  
Fiskarstrand, 1971



13. André  
Tranvåg (MDG)  
Fiskarstrand, 1969